

Yrkesopplæringsnemnda i Vestland oppmodar arbeids- og næringsliv

- Ta vare på lærlingen -

Mange bedrifter og verksemdar er hardt råka av konsekvensane av å avgrense smitten av COVID-19. Fleire bedrifter må permittere og går ei usikker framtid i møte.

Partane i arbeidslivet er einige om at så lenge verksemda har produksjon eller arbeidsoppgåver som gjer at det kan givast ei forsvarleg opplæring, bør lærlingar så langt råd er skjermast for permitteringar. Hovudregelen bør vere at lærlingen skal forlate verksemda saman med siste fagarbeidar. Det er viktig at verksemda tek naudsynte omsyn til helse, miljø og sikkerheit i dei faglege vurderingane.

Yrkesopplæringsnemnda vil understreke Folkehelseinstituttet sine råd, og at verksemda legg dei til grunn i sine vurderingar av situasjonen.

Yrkesopplæringsnemnda i Vestland oppmodar alle lærebedrifter og opplæringskontor stekker seg langt før permittering av lærlingar. Vidare oppmodar yrkesopplæringsnemnda til at lærebedrifter, opplæringskontor, tillitsvalde og fylkeskommunen legg til rette for god informasjon til lærlingane og lære kandidatane om den situasjonen vi står i.

Lærlingar og lære kandidatane er unge arbeidstakarar, utan særleg erfaring frå arbeidslivet og vil ha behov for god oppfølging. Vi må stå saman om å trygge god informasjon og oppfølging av den enkelte lærling og lære kandidat, slik at dei kjenner seg viktige og verdsett.

Regjeringa har kome med ei viktig avklaring. Permitterte lærlingar skal sikrast ei inntekt på nivå med lærlingeløna.

Dersom lærlingar vert permitterte, skal yrkesopplæringsnemnda v/ fylkeskommunen varslast straks.

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/laerling/>

Dette er viktig for at fylkeskommunen får oversyn og kan setje i gang tiltak som kan hjelpe lærlingar og lære kandidatane som vert permitterte.

Yrkesopplæringsnemnda i Vestland

Roger Pilskog

Ove Kjøllesdal

Leiar

Nestleiar